

# Regional plan for attraktive senter i Hordaland

- senterstruktur, tenester og handel

## Planprogram



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





Framsidebilde:  
Regionsenteret Norheimsund,  
Kvam herad

Norheimsund fekk Tettstadprisen for Hordaland 2000.

## Innhald

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>5</b>
1.1 Bakgrunn .....	5
<b>2. Føremål og rammer .....</b>	<b>6</b>
2.1 Føremål .....	6
2.2 Rammer og verknad for planen .....	6
<b>3. Føringar for planarbeidet .....</b>	<b>7</b>
3.1 Nasjonale føringar .....	7
3.2 Regionale føringar og plangrunnlag .....	8
3.3 Samordning med andre planprosesser .....	9
<b>4. Plantema og utgreiingar.....</b>	<b>10</b>
4.1 Senterstruktur .....	10
4.2 Attraktive sentrum og møteplassar .....	11
4.3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod.....	12
4.4 Handel og kjøpesenter.....	13
4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon.....	14
<b>5. Konsekvensutgreiing .....</b>	<b>15</b>
<b>6. Planprosessen .....</b>	<b>16</b>
6.1 Organisering og deltagarar .....	16
6.2 Politisk handsaming og mandat.....	17
6.3 Medverknad, informasjon og framdrift .....	17
6.4 Framdrift .....	18

# 1. Innleiing

*For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram. Målet med planprogrammet er å leggje til rette for opne demokratiske prosessar, auke innsyn og medverknad i planlegginga på eit tidleg tidspunkt. Planprogrammet dannar grunnlaget og rammene for det vidare arbeidet med planen.*

## 1.1 Bakgrunn

*Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* vart vedtatt av Fylkestinget 12. desember 2002. Fylkesdelplanen avløyste *Rikspolitisk bestemmelse om midlertidig etableringsstopp for kjøpesenter utenfor sentrale deler av byer og tettsteder* frå januar 1999. Frå 27. juni 2008 vart fylkesdelplanen gjort juridisk bindande ved at Regjeringa vedtok *Forskrift om rikspolitisk bestemmelser for kjøpesentre*.

Fylkestinget vedtok å revidere fylkesdelplanen i samband med *Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012*. Føremålet med planarbeidet vart i planstrategien skissert slik: «Føremål med planarbeidet er å utvikle ein robust senterstruktur som gir grunnlag for å legge til rette for lokal handel, lett tilgjengelege private og offentlege tenester, miljøvenleg transport og attraktive lokalsamfunn.»

Som ei førebuing av planarbeidet vart det hausten 2011 gjennomført ei spørjeundersøking om fylkesdelplanen blant kommunane og regionale statsetatarar. Spørjeundersøkinga tyder på at kjennskapen til fylkesdelplanen er låg blant kommunane, og at dei ikkje er kjende med at retningslinene er juridisk bindande. Undersøkinga tyder også på at fylkesdelplanen ikkje er enkel å omsetje til praktisk planlegging.

Fylkesutvalet ga 22. mars 2012 startsignal til revisjonsarbeidet og vedtok at fylkesrådmannen innstiller om forslag til planprogram på grunnlag av arbeidet til ein administrativ programkomité. Representantane i programkomiteen har vore:

- Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga v/ regionaldirektør Jan Per Styve (leiar)
- Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/ seksjonsleiar Ronny Skaar
- Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga v/ seksjonsleiar Birthe A. Haugen
- Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga v/ Gunhild Raddum
- Fylkesmannen i Hordaland v/ avdelingsdirektør Else-Kristin Foss Vikenes
- Bergen kommune v/ fagsjef Kjell Åge Matre
- Jondal kommune v/ rådmann Siv Helle Prestegard
- Voss kommune v/ rådmann Einar Hauge

Plansjef Marit Rødseth og Ingerid Solberg ved Regionalavdelinga, planseksjonen i Hordaland fylkeskommune har vore sekretariat for arbeidet.

# 2. Føremål og rammer

*Regionale planar skal gje mål, strategiar og satsingsområde for regional utvikling. Planarbeidet er heimla i plan- og bygningslova § 8-1.*

## 2.1 Føremål

Føremålet med *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* er å etablere ein robust og føreseieleg struktur for å sikre attraktive senter og balansert utvikling i Hordaland fylke.

- Senterstrukturen skal definerast i forhold til både geografi og funksjon. Planen skal avklare funksjonar og forventingar til fylkessenter, regionsenter og kommunesenter og beskrive korleis dei ulike sentera skal fungere i forhold til kvarandre.
- Planarbeidet skal ta for seg korleis ein kan sikre senter som har ein god balanse mellom busstader, arbeidsplassar, handel og service.
- Senterutviklinga skal styrke sær preg og identitet til ulike senter. Planen skal leggje til rette for utvikling av attraktive senter i godt samspel med livskraftige omland.
- Planen skal danne eit grunnlag for ei positiv sentrumsutvikling med trivelege møteplassar, mangfaldige tenester og tilbod, gode transportløysingar, estetiske kvalitetar, bustader, grøntområde og universell utforming.
- Planen skal sikre eit mangfold av tenester og funksjonar innan utdanning, helse, kultur og fritid så nært brukarane som mogleg.
- Planen skal leggje premissar for etablering av offentlege tenester og danne grunnlaget for å skape tettstader som er attraktive for kompestansearbeidsplassar.
- Planen skal leggje til rette for handel på ein slik måte at ein styrkar byar og tettstader og bidrar til effektiv arealbruk og miljøvenleg transport. Planen kan innehalde regionale retningslinjer og føresegner for å avløyse *Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre*.
- Planen skal leggje til rette for gåande og syklande i senter og tettstader, styrke sentera som transport- og kollektivknutepunkt og redusere behovet for reising.

## 2.2 Rammer og verknad for planen

Planen avløyser *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* (2002). Planen avløysar også aktuelle tema i *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008* og *Klimaplan for Hordaland 2010-2020*.

### Geografisk avgrensing

Planen omfattar heile Hordaland fylke. Nokre spørsmål er relevant å drøfte med nabofylka Sogn og Fjordane og Rogaland, men det blir ikkje lagt opp til ein interregional plan.

## Tidsperspektiv

Planen har eit perspektiv på tolv år, men analysar og tilrådingar kan ha ein lengre tidshorisont. Mål og retningsliner gjeld inntil ny plan for same tema vert vedtatt. Behovet for planrevisjon vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi.

## Planinhald

Planen skal innehalde ei planomtale med mål og retningsliner for utvikling. Planen kan også innehalde regionale føresegner for å erstatte rikspolitiske føresegner om kjøpesenter.

## Handlingsprogram

Handlingsprogrammet har eit tidsperspektiv på fire år. Det skal rullerast årleg og kan gjennomgå ein hovudrevisjon kvart fjerde år med nye tiltak for å oppnå mål og oppdatere retningsliner i planen.

Handlingsprogrammet skal vurdere ulike kjelder for finansiering av tiltak, mellom anna *Regionalt utviklingsprogram* (RUP), fylkeskommunale partnarskapsmidlar, konsesjonskraftmidlar og andre utviklingsmidlar i finansiering saman med kommunar, næringsliv og statlege organ.

## Verknad

Planen skal ligge til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jf. plan- og bygningslova § 8-2. Mål, retningsliner og handlingsprogram skal vere førande for fylkeskommunen og statlege regionale organ i fylket når det gjeld verksemplanner, forvaltningsvedtak og budsjett. Retningsliner og føresegner som gjeld areal skal innarbeidast i kommunale planar og kan leggjast til grunn for vurdering av motsegn frå regionale organ. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar.

## Konsekvensutgreiling

Planen vert omfatta av krav om konsekvensutgreing grunna retningsliner og eventuelt føresegner for framtidig utbygging, jf. plan- og bygningslova § 4-2. Konsekvensutgreiinga skal omtale verknader for miljø og samfunn, sjå kapittel 5. *Konsekvensutgreiing*.

# 3. Føringar for planarbeidet

*Det er ei rekke stortingsmeldingar, nasjonale strategiar, regionale planar og premissar som legg føringar for planarbeidet. Her nemnast berre dei statlege og regionale føringane som vert trekte inn i planarbeidet.*

## 3.1 Nasjonale føringar

### Nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging, vedtatt 24.6.2011

Forventingane er delt i 6 tema; klima og energi, by- og tettstadutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap samt helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Særleg relevant i dette planarbeidet er temaet by- og tettstadutvikling, og forventinga om at:

- *fylkeskommunene utarbeider regionale planer som avklarer den overordnede senterstrukturen og gir retningslinjer for etablering av handel i tråd med rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre.*

## Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR 2008-06-27 nr 742)

Føresegna fastsett med juridisk bindande verknad at det ikkje er tillate å etablere eller utvide kjøpesenter med eit samla bruksareal på meir enn 3000 m<sup>2</sup> dersom området ikkje er omfatta av ein godkjent fylkesplan eller fylkesdelplan med retningsliner for lokalisering av service og handel. Føresegna varar i inntil 10 år eller til ho blir avløyst av ei regional planføresegn. Føremålet med føresegna er å leggje til rette for ei sterkare regional samordning av politikk for etablering og utviding av større kjøpesenter. Hensikta er å styrke eksisterande senter i byar og tettstader og bidra til effektiv arealbruk og miljøvenleg transport.

## St.meld. nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken

Overordna mål i stortingsmeldinga er at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil fremje ei balansert utvikling mellom by og land og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Det er i planarbeidet særleg viktig med tema som utvikling av attraktive lokalsamfunn og kvalitetar ved småbyar og regionale senter. Dette krev innsats på område som arbeidsplassar, tenestetilbod, sentrums- og bumiljø, kultur- og fritidstilbod. Meldinga vert erstatta av ei ny melding i 2013.

## St.meld. nr. 23 (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder

Regjeringa legg i stortingsmeldinga fram overordna mål om å leggje til rette for:

- Trygge, vakre og opplevingsrike byar og tettstader med høg miljø- og bukvalitet
- Funksjonelle og attraktive byar og tettstader for eit konkurranseedyktig næringsliv
- Bystrukturar og bymiljø som stimulerer til helsefremmande livsstil
- Eit funksjonelt og miljøvennlig transportsystem med sterkare satsing på kollektivtransport, sykling og gange
- Byar og tettstader som tek i vare natur- og kulturmiljøet

## 3.2 Regionale føringar og plangrunnlag

### Klimaplan for Hordaland 2010-2020

Visjonen om Hordaland som eit berekraftig klima- og energifylke, og målsettingane i klimaplanen er grunnpremiss for all planlegging i fylkeskommunen. Mål og strategiar for arealbruk og transport er særskilt viktig å leggje til grunn i planarbeidet.

### Regional transportplan for Hordaland 2013-2024

Det er i planarbeidet særleg relevant med tema om regionale knutepunkt og miljøvenleg transport. Planen vert vedteke hausten 2012.

### 3.3 Samordning med andre planprosesser

#### Skolebruksplan Hordaland fylkeskommune 2012–2025

Fastsetjing av skole- og tilbodsstruktur i Hordaland. Planen legg opp til at det blir færre og større skolar. Dokumentet er ein sektorplan og ikkje ein regional plan etter plan- og bygningslova. Planen vert vedteke desember 2012.

#### Tannhelsetenester i Hordaland 2010-2013

Planen skal reviderast i 2013 og vil ha betydning for tenestetilbodet i ulike senter. Dokumentet er ein sektorplan og ikkje ein regional plan etter plan- og bygningslova.

#### Regional næringsplan 2013-2017

Planen har tre hovudtema – innovasjon, kompetanse og infrastruktur. Planen skal gi føringar for den årlege bruken av næringsretta utviklingsmidlar i *Regionalt utviklingsprogram* (RUP).

#### Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet

Planen skal skape grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig region. Samhandling på tvers av administrative grenser, sektorar og forvaltningsnivå skal fremje regional utvikling og attraktivitet. Ei konsentrert senterutvikling skal underbygge eit effektivt og miljøvenleg transportsystem med god framkome for befolkning og næringsliv. Planen skal også legge til rette for utbygging av naudsynt sosial infrastruktur.

#### Regional plan for areal og transport på Haugalandet

Planarbeidet omfattar kommunane Etne og Sveio i tillegg sju kommunar i nabofylket. Planen tar for seg tema regional samhandling, nærings- og kompetanseutvikling, by- og stadutvikling, arealbruk og transportløysingar og regional grønstruktur.

#### Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland

Planen skal bidra til arbeid som fører til fleire gode levekår i befolkninga og til utjamning av sosial helseeskilnader. Fylkesdelplanen *Deltaking for alle – universell utforming* skal reviderast.

#### Regional kulturplan 2014-2024

Planen omfattar heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland. Planen skal mellom anna gi framlegg om tiltak som kan styrke kulturfeltet som grunnlag for livskvalitet, meining, kompetanse, deltaking og samfunnsansvar. Arbeidet med kulturplanen innan tema *urbanisering og stadutvikling* og *arenautvikling* er særskilt relevant.

# 4. Plantema og utgreiingar

Dette kapittelet utdjupar plantema som er skissert i føremålet. Først vert det einskilde føremålet skissert før ei konkretisering av kva som skal gjerast i planarbeidet for å oppnå dette. Deretter vert utfordingane skildra og behovet for utredningar lista opp.

## 4.1 Senterstruktur

### Føremål

- Senterstrukturen skal definerast i forhold til både geografi og funksjon. Planen skal avklare funksjonar og forventingar til regionsentra og beskrive korleis dei ulike sentra skal fungere i forhold til kvarandre.
- Planarbeidet skal ta for seg korleis ein kan sikre senter som har ein god balanse mellom bustader, arbeidsplassar, handel og service.
- Senterutviklinga skal styrke sær preg og identitet til ulike senter. Planen skal leggje til rette for utvikling av attraktive senter i godt samspel med livskraftige omland.

### Kva skal gjerast i planarbeidet

Senterstrukturen i gjeldande *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* skal vurderast og eventuelt reviderast. Omgrepa skal definerast klårare, og forventingar til regionsentra skal fastsetjast. Omlandet skal avgrensast for ulike senternivå og arbeidsdeling mellom sentera skal vurderast.

### Utfordringar

78,6 % av befolkninga i Hordaland (2011) bur i byar eller tettstader og trenden er aukande. Sentralisering føregår på alle nivå – inn mot kommunesentra, regionale senter og fylkessenteret. Ved å etablere ein definert senterstruktur som gir føreseielege vilkår for offentlege og private investeringar og skapar grunnlag for eit effektivt transportsystem og optimal utnytting av samfunnets ressursar, kan ein sikre attraktive senter og ei balansert utvikling i Hordaland. Omsynet til klima og miljø er naudsynt i drøfting av senterstruktur, særleg ved fortetting og redusering av behovet for reising. Sentre med eit variert og omfattande tilbod, gjer at befolkninga i all hovudsak kan få dekt sine daglege behov i nærområdet. Sentra med ein god balanse mellom bustader, arbeidsplassar, handel, tenester og kultur-, og fritidstilbod kan gjere det attraktivt å bu i sentera og i distrikta rundt.

Det er trond for å styrke regionsentra som heilskaplege senter med storleik, funksjonar og innhald nok til å fungere som knutepunkt i regionane. Dette for å motverke sentraliseringstendensane, stabilisera busetjingsmønsteret og gje likeverdige tilbod i heile fylket. Skal eit regionsenter lukkast må det vere tydelege og forpliktande forventingar til funksjonar og rollar. Dei ulike regionsentra treng ulike rollar da det er behov for både avlastningssentra rundt Bergen og sterke sentra i distrikta som regionale motorar. Det er også viktig å avklare regionale rollar og funksjonar for fleire av bydelssentra i Bergen.

### Behov for utgreiingar:

- Statusrapport og utviklingspotensiale for senterstrukturen i Hordaland, basert på kriteria som befolkningsstorleik og -tettleik, reiseavstandar, fortettingspotensiale, grønstruktur, tenester, tilgjenge og infrastruktur og kommunikasjonar. Det skal vurderast moglege endringar som følgje av befolningsutvikling og samferdselsprosjekt, og det skal identifiserast faktorar/verkemiddel som kan bidra til ei utvikling til beste for heile Hordaland.

## 4.2 Attraktive sentrum og møteplassar

### Føremål

- Planen skal danne eit grunnlag for ei positiv sentrumsutvikling med trivelege møteplassar, mangfaldige tenester og tilbod, gode transportløysingar, estetiske kvalitetar, bustader, grøntområde og universell utforming.

### Kva skal gjerast i planarbeidet

Planarbeidet skal leggje til rette for utvikling av attraktive sentrum og det skal utarbeidast retningslinjer for planlegging av sentra både ut i frå kvalitet og funksjon. Det skal vurderast tiltak i handlingsprogrammet for å oppnå god sentrumsutvikling. Planarbeidet skal gje rammer for avgrensing av regionsenter og kommunesenter.

### Utgangspunkter

Sentrums og tettstaden er ofte kjerneknottet i lokalsamfunnet. Attraktive og lett tilgjengelege møteplassar, mangfaldige tenester og tilbod, gode transportløysingar og satsing på godt samspel mellom form og funksjon skapar grunnlag for trivsel, både for innbyggjarar og tilreisande. Eit sentrum med aktivitetar heile døgnet, eit breitt tilbod av bustadar og opne arenaer skapar grunnlag for trygge omgjevnader og verkar kriminalitetsførebyggjande.

Ein føresetnad for gode sentrum er ei relativt tett utbygging. Fortetting og funksjonsmangfold gir positive synergieffektar, blant anna ved å skape uformelle møteplassar. Samstundes må dette balanserast med behovet for grønstruktur og leikeplassar som trivselsskapande og helsefremjande element. Sentrum er eit utstillingsvindauga for kommunen og gode estetiske og arkitektoniske omgjevnader påverkar menneska som oppheld seg i sentrum positivt. Fylkeskommunen spelar i dette arbeidet ei sentral rolle med rettleiing innan stadutvikling. Å stø opp under særpreg og identitet til kvar tettstad vil vera ein fordel både i forhold til eigne innbyggjarar og tilreisande. I ei spørjeundersøking blant kommunane i Hordaland kjem det fram at det er ynskjeleg at planen i større grad legg vekt på sentrumsutvikling. For å sikre ei positiv sentrumsutvikling er det viktig med samspel mellom offentlege og private aktørar og involvere grunneigarar og investorar i utvikling av sentrum.

For å utvikle attraktive sentrum er det viktig å ta føre seg kvalitet i brei betydning og fokusera på livskvalitet i vid forstand. Det vil til dømes vere å sikre eit tilbod av meiningsfulle aktivitetar, kultur- og idrettstilbod nært der folk bur. Tilbod i sentrum må vere retta mot alle, ungdom, eldre, innvandrarar, barnefamiliar og einslige. Uformelle og formelle møteplassar er viktig for folkehelsa og universell utforming av senterområdet vil auke bruksverdien av senteret og skapa eit inkluderande samfunn.

### Behov for utgreiingar

- Spørjeundersøking retta mot heile befolkninga om kva som er eit attraktivt sentrum. Undersøkinga skal gje informasjon om kva ungdom meiner.

## 4.3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

### Føremål

- Planen skal sikre eit mangfald av tenester og funksjonar innan utdanning, helse, kultur og fritid så nært brukarane som mogleg.
- Planen skal legge premissar for etablering av offentlege tenester og danne grunnlaget for å skape tettstader som er attraktive for kompetansearbeidsplassar.

### Kva skal gjerast i planarbeidet

Det skal utarbeidast retningsliner for lokalisering av og storleik på offentlege tenester og tilbod. Planarbeidet skal resultere i ein strategi og eit handlingsprogram for kunnskaps- og kreative næringar i tettstader, og ein strategi for desentralisering av statlege institusjonar og tenester.

### Utgåande

Sentrums er naturlege lokaliseringsval for offentlege og private tenester og ei samla lokalisering gjer tenester meir tilgjengelege. Dette gir betre vilkår for miljøvenleg transport og god arealutnytting. Ei samla lokalisering kan og gjere arbeidsplassane meir attraktive og gi meir fleksibilitet til samarbeid om tenester og fellesfunksjonar.

Både staten, fylkeskommunen og kommunane kan bidra til å styrke senter gjennom lokalisering av tenester og tilbod, til dømes politi, NAV, tannhelse og vidaregåande skolar. Samhandlingsreforma gir nye moglegheiter til samarbeid om lokalisering av helsetenester. Offentlege verkemiddel som vert forvalta av Husbanken kan bidra til god senterutvikling. Men også tenester som post, vinmonopol og apotek kan styrke eit senter. Offentlege løvningar til blant anna regionale kulturhus og idrettsanlegg kan forvaltas slik at ein stør opp om ei positiv senterutvikling.

Det er kompetansearbeidsplassar i sentrale strøk som veks mest i Noreg. Overgangen til ein kunnskapsbasert arbeidsmarknad er derfor eit viktig konkurransefortrinn og tilgang på kompetanse og innovasjon stiller nye krav til byar og tettstader. Ein desentralisert vidaregåande skole som samhandlar med lokalt arbeidsliv vil vere eit godt fundament. Desentraliserte forskingsinstitusjonar, høgskule og etter- og vidareutdanningstilbod, og samspel med andre informasjonsformidlarar som bibliotek og folkeopplysningsorganisasjonar kan utviklast. Internettcafear, rom til videokonferansar og telemedisin kan gjere det enklare å arbeide desentralisert. Det er også viktig med tilrettelegging for kommunikasjonsteknologi og kollektivtransport som gjer det miljøvenleg og mogleg å pendle der det er tenleg. Felles fasilitetar for heimekontor, næringshagar, rimelege lokale for kunstnarar og kreative verksemder er blant tiltaka som kan passe i mange senter og tettstader.

### Behov for utgreiingar

- Analyse av dagens lokalisering og struktur for statlege, regionale og andre relevante tenester – vurdering av framtidig prinsipp for lokalisering.
- Potensiale og verkemiddel for etablering av statlege institusjonar i Hordaland.

## 4.4 Handel og kjøpesenter

### Føremål

- Planen skal legge til rette for handel på ein slik måte at ein styrkar byar og tettstader og bidrar til effektiv arealbruk og miljøvenleg transport. Planen kan innehalde regionale retningslinjer og føresegner for å avløyse *Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre*.

### Kva skal gjerast i planarbeidet

Planarbeidet skal fastsetje retningsliner og eventuelt regionale føresegner for etablering og utviding av kjøpesenter. Planen skal utforme mål og strategiar for å styrke lokal handel.

### Ufordinigar

Handel er ei av dei største næringane målt i omsetting og sysselsetting og er premissgjevande for å styrke senter og tettstader. Det er viktig å legge til rette for handel på ein slik måte at transportbehovet ikkje vert unødig stort og slik at ein opprettheld eit attraktivt sentrum. Dette må gjerast i samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Handelstilbod og -konsept er i stadig endring og det vert viktig med gode analysar og utgreiingar om korleis trendane endrar seg, til dømes med auka bruk av e-handel.

Det har sidan 2000 vore eit generelt forbod mot etablering av kjøpesenter utanfor byar og tettstader. *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* har definert senterstrukturen og dermed i grove trekk lokalisering av større kjøpesenter. Det har likevel skjedd ei utarming av sentrum, først og fremst på grunn av etablering av kjøpesenter i randsona til mange tettstader, men også ein nedgang i kjøpekraft i nokre kommunar med tilbakegang i folketallet. Ei god planlegging og godt samspel mellom offentlege mynde og private eigalarar og investorar kan sikre kjøpesenter som møteplassar og del av eit attraktivt sentrum.

*Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* fastsett med juridisk bindande verknad at det ikkje er tillate å etablere eller utvide kjøpesenter med eit samla bruksareal på meir enn 3000 m<sup>2</sup> der som området ikkje er omfatta av ein godkjent fylkesplan eller fylkesdelplan med retningsliner for lokalisering av service og handel. Føresegna varar i inntil 10 år eller til den blir avløyst av regionale planføresegner. Det må tidleg i planarbeidet takast stilling til om det skal utarbeidast regionale planføresegner for å erstatte gjeldande føresegner.

Nærbutikken med daglegvarer er ein viktig miljøskapande faktor både i distrikta og i meir sentrale område. Lokalisering saman med og nærleiken til dømes bustader, skule og barnehage kan ha mykje å seia for om ein butikk kan overleve. Gjennom planlegging kan ein legge til rette for både eit desentralisert butikktilbod i distrikta og eit butikktilbod i gang- og sykkelavstand i meir sentrale område.

### Behov for utgreiingar

- Handelsanalyse for Hordaland som inkluderer e-handel.

## 4.5 Transport, tilgjenge og kommunikasjon

### Føremål

- Planen skal legge til rette for gående og syklande i senter og tettstader, styrke sentra som transport- og kollektivknutepunkt og redusere behovet for reising.

### Kva skal gjerast i planarbeidet

Planarbeidet skal gi retningsliner for kvalitet for ulike transportformer og tilgjenge i ulike senter.

### Utgåande

Senter har tradisjonelt ofte utvikla seg rundt transportknutepunkt ved overgang mellom ulike transportformer og -middel. Etter kvart som bilen vart allemannseige og behovet for ulike spesialiserte tenester auka vart mange senter og tettstader dårleg tilpassa den nye kommunikasjonsformene. Au-kande bruk av bil gjer at plassmangel, miljøproblem og manglante tryggleik etterkvart pregar mange senter. Klimagassutslepp, andre utfordringar innan miljø og arealbeslag har gjort at utfordringane innan transport og senterutvikling må sjåast i samanheng.

Senter og tettstader krev god tilgjenge. Tilrettelegging for gående og syklande er både arealeffektivt, miljøvenleg og styrkar folkehelsa. Lokalisering av transportknutepunkt og kollektivterminalar sentralt i senter og tettstader er viktig for å stimulere til auka bruk og som eit positivt element i stadutvikling. Kollektivtransport bør ha prioritert i sentera og er eit gunstig grep for samfunnet og miljøet. Både veg, sjø og jernbane/bybane er aktuelle transportmiddel og pendlartransporten bør ha særleg merksemd. Jernbanen Bergen - Voss er alt ei viktig transportåre for pendling og bør vurderast styrka som pendlingsform. Samstundes må biltransporten vere effektivt når det er tenleg og det er viktig å ha gode tilkomstvegar til og gjennom sentrum. Innfartsparkering, gjesteparkering, besøksparkering og parke-ring for rørslehemma må vere tilfredsstillande for at senteret skal vere attraktivt. Mange er avhengig av drosje for å kome til tenester i sentrum og desse bør også få ein rettmessig plass.

Regionale og kommunale senter bør vere knutepunkt i infrastrukturen som bind saman fylket og au-kar tilgjenge både for befolkning, næringslivtransport og turistar. Prioritering av vegar til og mellom sentre er derfor ei oppgåve som transportplanlegginga må vidareføra. God breibanddekning kan for somme teneste redusere behovet for transport og sentera i Hordaland bør kunne tilby tilstrekkeleg breibandkapasitet til tenester og fjernkontor.

### Behov for utgreiingar

- Kvalitetskrav til transport, kommunikasjon og tilgjenge i kjerneområde i regionale og kommunale senter.

## 5. Konsekvensutgreiing

*Regionale planar med retningsliner eller rammer for framtidig utbygging skal jamfør Forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2009-06-26) handsamast etter forskrifa. Konsekvensutgreiinga skal skildre og vurdere verknadene planen kan få for miljø og samfunn. Vedlegg III i forskriften legg rammene for innhaldet i sjølv konsekvensutgreiinga og kva tema som skal utgreiast.*

For å synleggjere verknader av retningsliner og eventuelt føresegner for framtidig utbygging og lokalisering av handel er det naudsynt å vise konsekvensane av ulike alternativ. Alternativ som skal utgreiast er:

Alternativ 0 – Framskrivning av dagens situasjon og sannsynleg utvikling med *Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre*.

Alternativ 1 – Plan med regionale føresegner for lokalisering og dimensjonering av handel.

**Planen sine verknader for følgjande tema skal utgreiast:**

Tema	Konkretisering
Forureining	Klimagassutslepp
Transportbehov/energi	Transportomfang ulike transportmidde
Kulturminne/-miljø	Dette vert en del av kunnskapsgrunnlaget, men også planframlegget sine verkander for dette skal utgreiast.
Naturmangfold, landskap og jordvern	Det skal utgreiast kva verknader planforslaget får for kvalitetar ved desse tema.
Friluftsliv, folkehelse, tilgjenge, gang- og sykkelnett, barn og unge sine oppvekstvilkår	Det skal utgreiast korleis rørsle til fots og med sykkel i senter heng saman med omkringliggende friluftsområde og grønstruktur, med særleg fokus på barn og unge, eldre, rørslehemma og folkehelse generelt. Det skal utgreiast kva verknader planforslaget får for kvalitetar ved friluftsliv.
Kriminalitetsføre bygging	Korleis senteravgrensing og utbygging bidrar til trygge senter og verkar førebyggande på kriminalitet, t.d. lysbruk, aktive fasadar og opne arena.
Risiko ved beredskap, ulykker og klimaendringar	Det må utarbeidast ei risiko- og sårbaranalyse (ROS) for planframlegget.
Stadutvikling	Kvalitet og attraktivitet
Næringsutvikling	Eigna areal for handel Arbeidsplassar


Konsekvensutgreiinga skal i størst mogeleg grad nytte eksisterande kunnskap som er relevant for planarbeidet. Verdiane skal omtala med ord, medan konsekvensar skal beskrivast både med ord og med symbol som negative/positive/ingen verknad. Utgreiinga skal omhandle samla verknad for kvart av dei einskilde tema av strategien for framtidig arealbruk. Det skal gjerast ei samla vurdering i tabellform av dei to alternativa sett opp mot kvarandre. Verknad for einskildområde vil ikkje bli omtalt.

Konsekvensutgreiinga skal også peike på vidare utgreiingsbehov i samband med kommuneplanar eller reguleringsplanar. Konsekvensutgreiinga skal utgjera eit samla dokument og ein eigen del av planforslaget.

## 6. Planprosessen

*For å sikre oppslutning om planarbeidet og ivareta viktige behov og interesser, er det viktig å forankre planen breitt. Det vil i planarbeidet vere særleg viktig med representasjon frå statlege og kommunale verksemder, då ein regional plan skal leggjast til grunn for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. plan- og bygningslova § 8-2. I tillegg er det også viktig med brei representasjon frå institusjonar, private grunneigarar og investorar, frivillige organisasjonar og lag som planen særleg vedkjem.*

### 6.1 Organisering og deltagarar



#### Styringsgruppe (politisk)

Fylkeskommunen – tre representantar frå Fylkestinget, posisjon/opposisjon. Ein av representantane leiar arbeidet.

Kommunane – ein representant frå Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland, Midtjylland og Bergen kommune.

#### Arbeidsgruppe (administrativ)

Fylkeskommunen – ein representant frå planeksjonen og kultur- og idrettsavdelinga

Ungdommens fylkesting – ein representant

Fylkesmannen – ein representant frå Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Kommunane – ein representant frå ein distriktskommune, ein kommune med eit regionsenter og ein frå Bergen kommune

Næringsalliansen i Hordaland – ein representant

## Temagrupper/seminar

Temagrupper/temaseminar med brei deltaking fra kommunar, organisasjonar og næringsliv vert oppnemnd av arbeidsgruppa etter behov. Aktuelle tema er transport, tenester, handel og attraktive senterum.

## 6.2 Politisk handsaming og mandat

**Fylkestinget** vedtek den endelige planen etter høyringsrunden på bakgrunn av innstilling frå Fylkesutvalet.

**Fylkesutvalet** vedtek høyringsforslag til plan og innstiller til Fylkestinget om vedtak av plan på bakgrunn av handsaming i andre fagutval og innstilling frå fylkesrådmannen. Fylkesutvalet vert jamleg orientert om framdrifta i planarbeidet og kan gjere endringar i framdriftsplanen.

**Kultur- og ressursutvalet** gir tilråding til fylkesutvalet om høyringsforslag og planvedtak etter handsaming i **Samferdselsutvalet** og **Opplærings- og helseutvalet**.

**Fylkesrådmannen** gir innstilling til alle politiske utval på bakgrunn av arbeidet i styringsgruppa for planarbeidet.

### Mandat styringsgruppe

Oppgåvene til styringsgruppa er knytt til praktisk gjennomføring av planarbeidet i tråd med planprogrammet, drøfting av vegval og alternativ, og førebuing av innspel til politisk handsaming. Styringsgruppa inviterer til og deltek i medverknadsarrangement og eksterne politiske arrangement. Gruppa gir råd om endring av framdrift til politiske organ og oppretting av undergrupper. Styringsgruppa vert oppløyst ved innstilling til planforslag.

### Mandat arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa fylgjer det praktiske planarbeidet tett, fordeler oppgåver og deltek i arbeidet med kompetanse og ressursar etter avtale. Arbeidsgruppa utformar utkast til plan og gir innspel til tolking av planprogrammet til styringsgruppa. Arbeidsgruppa vert oppløyst etter drøfting av høyringsresultat. Arbeidsgruppa har konsultasjonsmøte med relevante organisasjonar og opprettar temagrupper etter behov og gjennomfører seminar for relevante tema.

### Mandat temagrupper

Arbeidsgruppa kan etablere temagrupper. Temagruppene arbeider innafor avgrensa oppgåver i planarbeidet og leverer faglege innspel til arbeidsgruppa. Temagruppene vert tidsavgrensa ved oppretting og vert avvikla når oppgåva er levert.

## 6.3 Medverknad, informasjon og framdrift

### Konsultasjonsmøte

Konsultasjonsmøte med regionsenterkommunane og tematiske konsultasjonar med relevante aktørar og interessentar.

### Planforum

Eit utkast til plan skal leggjast fram i planforum i god tid før høyring av forslag til plan. Dato vert kunngjort på internett.

## Høyringskonferanse

Det vert halde ein høyringskonferanse i starten av høyringsperioden. Dato vert kunngjort på internett, samt at det vert sendt ein invitasjon til høyringsinstansane.

## Høyring og kunngjering

Høyring og kunngjering av planen vert i samsvar med § 5-2 i plan- og bygningslova. Planen vert kunngjort i større regionale aviser, lagt ut til gjennomsyn i alle folkebibliotek, kommunehus og fylkeshuset.

Høyringsinstansane får planen tilsendt med seks vekers høyringsfrist.

## Internett

Det vil på internettsida [www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur](http://www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur) til ei kvar tid vere ei oppdatert oversikt over møte og arenaer for deltaking. Der finn ein og kontaktinformasjon og høyringsinnspeil.

## 6.4 Framdrift

Etter at planprogrammet er vedtatt i Fylkesutvalet startar planarbeidet formelt. Planprosessen har fire hovudfasar:

1. Utgreiingsfase
2. Utforming av planforslag med ev. konsekvensutgriing
3. Førstegongs handsaming av planforslag med høyring
4. Slutthandsaming og vedtak av plan

År/Månad	2013												2014											
	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O			
Vedtak planprogram																								
Etablere arbeidsgrupper																								
Utgreiingsfase																								
Utforming av planforslag med tema- og konsultasjonsmøte																								
Førstegongs handsaming																								
Høyring																								
Slutthandsaming																								
Vedtak plan																								



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Mars 2013